

# Vedtekter for skulefritidsordningane i Bjerkreim kommune

Vedtekter til skulefritidsordningane er laga i henhold til opplæringslova §13-7. Vedtekten skal godkjennast av kommunestyret og er såleis å rekna som lokal forskrift.

## §1 Eigarforhald

- 1.1 Bjerkreim kommune eig og er ansvarleg for drifta av skulefritidsordning (SFO) på Bjerkreim og Vikeså skule. SFO vert drifta av den enkelte skule.
- 1.2 SFO er organisert under tenesteområde oppvekst og kultur.
- 1.3 SFO ved kvar skule har ein dagleg leiar, men rektor ved skulen har det overordna administrative og økonomiske ansvaret for ordninga. Kommunestyret har det politiske ansvaret for forvaltninga av skulefritidsordninga i kommunen.

## §2 Opptaksmyndigheit

- 2.1 Rektor ved den einskilde skule er opptaksmyndigheit til SFO.

## §3 Opptakskriterium


- 3.1 I utgangspunktet får alle barn på 1.-4.årstrinn plass etter søknad. Barn med særskilte behov på 5.-7.årstrinn kan og få plass etter søknad etter §1B-3 i forskrift til opplæringslova.

## §4 Opptaksperiode og oppseiing av SFO-tilbod

- 4.1 Søknad om opptak ved SFO skal gjerast elektronisk på skjema til Bjerkreim kommune. Informasjon om dette finnes på heimesida til skulen.
- 4.2 Opptaksperiode er som elevane sitt skuleår.
- 4.3 Feriepakkar bestillast særskilt.
- 4.4 Ved oppseiing av plass i SFO skal det betalast for inneverande månad pluss neste månad etter oppseiingsdato. Eleven kan nyitta tilbodet i oppseiingstida.

## §5 Foreldrebetaling

- 5.1 Betalingssatsar for SFO blir vedteke i kommunestyret i samanheng med budsjettbehandlinga.
- 5.2 Dersom foreldrebetalinga blir misleghaldt, kan barnet miste plassen i SFO.
- 5.3 Betalinga vert fordelt på ti fakturaer, første i september og siste i juni. Betalingsfri månad i juli og august.
- 5.4 Frå 01.08.22 er det 12 timer gratis SFO for 1.årstrinn jf §1B-4 i forskrift til opplæringslova. Frå 01.08.23 er det 12 timer gratis SFO og for 2.årstrinn.



5.5 Ettermiddagsmåltid er inkludert i prisen.

5.6 Søskenmoderasjon på 25 % vert gitt frå barn nr 2.

5.7 Prisane blir indeksregulert 1. januar kvart år, men vil ikkje ha konsekvensar før skulestart i august same år.

5.8 Familiar med låg inntekt kan søka om redusert foreldrebetaling for SFO-plass for barn i 1.-4.trinn. Søknadskjema ligg under SFO på kommunen si heimeside.

## **§6 Leike- og opphaldsareal**

6.1 SFO disponerer eigne lokal. I tillegg har dei tilgang til skulen sine lokal og uteareal utanom skulen si opningtid.

## **§7 Dagleg oppholdstid og årleg opningtid**

7.1 SFO har ope i skuleåret måndag til fredag frå kl.07.00-16.30 i perioder elevane ikkje har undervisning eller friminutt. Opningtida følger skuleruta.

7.2 For haustferie, vinterferie, kvardagar i jule- og påskeferie, tida frå skuleslutt i juni og ut månaden, samt kvardagar i august før skulestart kan ein kjøpa feriepakkar ved SFO Vikeså skule.

7.3 SFO er stengt julafta, nyttårsafta, i juli månad og på skulen sine planleggingsdagar.

7.4 Gebyr for elevar som bli henta etter stengetid er på 150kr.

## **§8 Bemanning og leiing**

8.1 Rektor ved skulen er SFO sin øvste leiari.

8.2 SFO-leiar har ansvar for den daglege drifta av ordninga.

8.3 Øvrig bemanning i SFO vert tilsett slik at drift er forsvarleg ut i frå brukarar med særskilte behov, og behovet til gruppa generelt.

